



**KOMMUNEDELPLAN FOR KULTUR
2013-2016**



Innhald

1	Innleiing	3
	Mål og strategiar.....	4
2	Oppstart av planarbeid	5
2.1	Føremålet med planen	5
2.2	Kulturavdelinga.....	5
2.3	Rammer for planarbeidet	6
2.4	Planprogram	6
2.5	Organisering av arbeidet	6
2.6	Kulturlova - Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd.....	7
3	Status og resultatvurdering frå førre planperiode (2008-2011)	8
4	Problemstillingar og utfordringar	9
4.1	No-situasjonen.....	9
4.2	Kompetanse og kvalitet	10
4.3	Økonomi	10
4.4	Utvikling.....	11
5	Tilbod – Tiltak i planperioden	12
5.1	Bibliotek.....	12
5.2	Kulturhus / kino / symjehall	13
5.3	Kulturskulen.....	15
5.4	Barn og unge.....	16
5.5	Frivillige lag og organisasjonar	18
5.6	Kunstgalleri / Utstilling / Utsmykking.....	20
5.7	Museum / Lokal historie	21
5.8	Kulturminne / Bygningsvern	22
5.9	Kultur og næring.....	23
5.10	Kultur og helse	24
5.11	Kultur, inkludering og deltaking	25

Vedlegg

Handlingsprogram 2013 - 2016

1 Innleiing

Vi ønskjer at Stryn kommune skal vere eit senter i vår region for kultur, mangfald, kreativitet, velferd, helse og barn/unge sine levekår.

Kommunedelplanen skal vere eit verktøy for det daglege kulturarbeidet, synleggjere vår kulturpolitikk, kulturutvikling og satsingsområde. Kultursatsinga her inngår som ei investering for framtida innan næringsutvikling og innovasjon.

Kulturlova og Kulturløftet I & II – Regjeringa sin visjon om at Norge skal vere ein leiande kulturnasjon, har mellom anna vore med å påverka innhaldet i planen. Regjeringa har nedsett eit utval som skal utgreie utviklinga i norsk kulturpolitikk etter 2005 og gi ei vurdering av dei viktigaste utfordringane kulturpolitikken står overfor i åra etter 2014.» Kulturutredningen 2014» skal gjennomgå kulturpolitiske mål, verkemiddel og tiltak innafor denne perioden. Utgreiinga er ikkje ferdig, men skal leggjast fram våren 2013. «Kulturutredningen 2014» er difor ikkje med som ein del av føringa for vår plan i denne perioden.

Kommunedelplan for kultur 2013-2016 er ein revidert plan frå førre planperiode, 2008-2011. Planen er avgrensa og omhandlar ikkje «alt» ein kulturplan kan omhandle, difor er det område og instansar som ikkje er teke med. Planen tek ikkje opp kyrkjer, gravlundar og drift knytt til dette, då det er eit eige forvaltningsområde som høyrer innunder Kyrkjeleg fellesråd. Idrett er ein del av kulturomgrepet, men ettersom idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv har sin eigen kommunedelplan, tek ikkje denne planen opp tema knytt til det feltet.

Handlingsprogrammet som ligg ved planen skal rullerast årleg og vert innspel til budsjett og økonomiplanarbeidet i kommunen. Tiltak og prioriteringar innan kulturfeltet skal synleggjere behov og prioriteringar dei neste 4 åra.



«Vær barmhjertig Herre.

Vis en særlig omsorg for de mennesker som er så

logiske,

praktiske,

realistiske

at de forarges

når noen kan tro

at det finnes en liten, blå hest»

Dom Helder Camara

Hovudmålet i kommuneplan 2006-2017
Stryn kommune skal vere ein god stad å bu og virke i

Visjon
KUNST OG KULTUR FOR ALLE

Alle i Stryn kommune skal ha tilgang til kunst- og kulturaktivitetar og opplevingar i eit breitt spekter og av høg kvalitet

Hovudmål for kulturpolitikken i Stryn kommune

Eit vitalt kunst- og kulturliv er nødvendig i eit moderne samfunn. Det er viktig at tilgangen til eit mangfald av kunst- og kulturopplevingar er god og at alle som ønskjer har høve til å uttrykke seg gjennom kunst og kultur. Dei ulike kunstområda gir oss personlege opplevingar, nye perspektiv, ulike meiningar, uro og refleksjon, alvor og glede, identitet, historie og ambisjonar for framtida.

Kommuneplanen 2006-2017 seier dette om hovudmål for kultur:

Tilhøva skal leggast til rette for å inspirere til kulturaktivitetatar og engasjement innan alle typar kulturliv. Den totale kulturproduksjonen skal vere av eit slikt omfang som gjer det naturleg og kalle Stryn ein kulturkommune.

- **Grunnleggjande føresetnader**

Stryn kommune skal ha ein aktiv og framtidsretta kulturpolitikk. Kommunen sin satsing skal spegle ein heilskapleg tenking der kunst og kultur står sentralt, er av høg kvalitet og open for nye tankar og ulike samarbeidsformer.

Alle skal ha lik føresetnad for deltaking og til å utvikle sine skapande ressursar, uavhengig av faktorar som sosioøkonomisk, kulturell eller religiøs bakgrunn eller funksjonsevne.

- **Økonomiske rammer for kunst og kultur**

Gode og føreseielege økonomiske rammevilkår for kunst og kultur er viktig, det same er lokalitet og tilgang på eigna lokale/møteplassar.

- **Kultur og næring**

Kunst og kultur skal ha vekstvilkår og utvikling i kraft av sin eigen verdi, men og som del av kommunen sin infrastruktur gjennom identitetsskaping relatert til andre felt, det vere seg utvikling innan kultur, næring og oppleving.

- **Attraktivt bu- og etablerarstad**

Kunst og kultur skal vere med på å gjere Stryn kommune til ein attraktiv stad å bu og virke.

- **Strategi og fokusområde**

Innleiingsvis har plangruppa avklart at planen ikkje skal omhandle «alt» ein kulturplan kan omhandle. Ein har valt nokre viktige fokusområde i denne planperioden, samt ein strategi for å nå dei måla.

Dei viktigaste fokusområda er:

Barn og unge

Frivillige lag og organisasjonar

Stryn kulturhus/symjehall og kino

Stryn kulturskule

Bibliotek

Handlingsprogrammet som følgjer planen vert eit viktig strategidokument for å nå måla ein har sett seg i høve fokusområda ovanfor. I tillegg vert følgjande strategiar lagt til grunn for å nå dei overordna måla i kommuneplanen sin samfunnsdel:

- Utvikle eksisterande og nye kulturtilbod
- Kunst og kultur skal involvere enno fleire barn og unge som aktørar
- Synleggjere og inkludere etnisk mangfald i kulturlivet

- Arbeide for auka kulturaktivitet og kunstarisk kvalitet
- Arbeide for gode fysiske og økonomiske rammevilkår for lag/organisasjonar
- Utvikle Stryn kulturhus vidare som kunst/kulturarena, møteplass, kurs og konferansesenter
- Utvikle Stryn kulturskule som ressurscenter for kulturfag
- Stryn bibliotek skal vere framtidsretta og bli eit saumlaust bibliotektilbod
- Vidareføre og styrke arbeidet med kulturbasert næringsutvikling

2 Oppstart av planarbeid

2.1 Føremålet med planen

Kommunedelplan for kultur 2013-2016 er forankra i kommunen sin planstrategi, der det står at planen skal reviderast i 2012.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er det overordna styringsdokumentet der ein skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunen – også innanfor kultur. Kultur vil i hovudsak bli eit tema under kapittelet om Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø, men vil også bli omtalt under tettstadkapittelet - då kultur er ein viktig faktor for at tettstaden skal bli attraktiv.

Det ideelle er at måla og strategiane i samfunnsdelen skal følgjast opp i kommunedelplanen for kultur. I og med at kulturplanen blir vedteken fyrst må denne prosessen gå i litt motsett retning, ved at føringane frå kommunedelplanen blir teken opp i samfunnsdelen.

Stryn kommune fekk sin første kulturplan i 2008 – Kulturpolitisk handlingsplan for 2008-2011. Planen har status som kommunedelplan og har i den samanheng fått namnet Kommunedelplan for kultur 2013-2016. Etter plan- og bygningslova vert planen revidert etter 4 år.

Føremålet med planen er:

- At planen skal vere eit strategisk styringsdokument for kommunen sin politikk på kunst og kulturfeltet
- Synleggjere behov og tiltak innan kulturfeltet
- Utvikle kulturbasert aktivitet for ulike aldersgrupper
- Fremje samarbeid og skape rom for utvikling innan kulturfeltet
- Synleggjere og vurdere økonomiske kostnader i tiltak/prosjekt
- Å styrke kompetansen og auke kvaliteten i kommunen sine kulturtenester/tilbod
- Korleis ein tek vare på kulturminne, arkitektur, utsmykking av offentlege bygg og uteområde.

Dersom det er nokre føringar innanfor kultur som førar til arealbehov, anten i kommunedelplanen eller i samfunnsdelen, må desse vidareførast i arealdelen. Til dømes kan ein her leggje til rette for utbygging av kultur- og idrettsanlegg.

2.2 Kulturavdelinga

Kulturavdelinga dekkjer administrative og koordinerande tenester for kommunen sitt kulturliv

- Tenester/oppgåver som sorterar under kulturavdelinga er m.a.:
- Kulturhus, kino, symjehall
- Bibliotek
- Kulturskule
- Barn og unge
- Den kulturelle skulesekken
- Idrett og fysisk aktivitet
- Lag og organisasjonar
- Tilskot, stipend, legat

- Museum, bygningsvern
- Kulturminne, kulturvern
- Arrangement
- Kulturformidling

Skule- og kultursjef er i dag øvste administrative leiar for etaten, som er delt i 4 avdelingar, kulturavdelinga, skuleavdelinga, barnehageavdelinga og PPT. Kvar avdeling har sin leiar.

Kulturavdelinga er sjølv arrangør for fleire arrangement, men mesteparten av innsatsen skjer i form av rådgjeving, publikumskontakt, informasjon/kommunikasjon, koordinering og økonomisk støtte.

Kulturavdelinga er ei lita avdeling som per i dag har 1 tilsett i administrasjonen.

2.3 Rammer for planarbeidet

Planarbeidet er styrt av plan og bygningslova. Planen er utforma innanfor norsk lovverk, statlege og regionale mål, retningslinjer, stortingsmeldingar, føringar og rapportar. I høve dette plandokumentet har desse hatt særleg relevans:

- Kulturlova
- Opplæringslova §13-16 Musikk- og kulturskoetilbod
- Biblioteklova
- St.melding nr. 48 – Kulturpolitikk fram mot 2014
- St.melding nr. 38 – Den kulturelle skulesekken
- St.melding nr. 22 – Kultur og næring
- St.melding nr. 16 – Leve med kulturminner
- St.melding nr. 10 – Kultur, inkludering og deltaking
- St.melding nr. 39 – Frivillighet for alle
- Kulturpolitikk for framtiden – KS / Norsk kulturforum
- Kulturløftet I og II
- Strategisk plan for kulturutvikling i Sogn og Fjordane 2008-2011
- Rapport og tiltaksplan for Stryn kulturhus 2010

2.4 Planprogram

Skule- og kulturutvalet gjorde vedtak om oppstart av revisjon av planen, samt fastsetjing av planprogram i møte 07.02.2012 (SK-004/12).

2.5 Organisering av arbeidet

Politisk styringsgruppe:

Skule- og kulturutvalet

Arbeidsgruppa sin samansetjing:

Myrtel Janne Thomassen	Kulturavdelinga / Barnerepresentant
Kari-Ann Kaspersen	Kulturavdelinga
Lisbeth Lervik	Plan- og næringsavdelinga
Kari Synnøve Muri	Helse- og sosialetat/Folkehelsekoordinator
Bernhard Hole	Skule- og kulturutvalet
Kåre Tonning	Skule- og kulturutvalet
Anne Siv Jevnehagen	Lag/organisasjonar
Karin Sæten	Lag/organisasjonar
Jørn Sønsterudbråten	Stryn næringssamskipnad

2.6 Kulturlova - Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd

Kulturlova seier dette om kommune, fylkeskommune og statens ansvar:

§ 1. Føremål

Lova har til føremål å fastleggje offentlege styresmakters ansvar for å fremje og legge til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfald av kulturuttrykk.

§ 2. Definisjonar

Med kulturverksemd meiner ein i denne lova å:

- Skape, produsere, utøve, formidle og distribuere kunst- og kulturuttrykk
- Verne om, fremje innsikt i og vidareføre kulturarv
- Delta i kulturaktivitet
- Utvikle kulturfagleg kunnskap og kompetanse

§ 3. Statens oppgåver

Staten skal fremje og leggje til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd over heile landet gjennom rettslege, økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante virkemiddel og tiltak.

§ 4. Fylkeskommunen og kommunens oppgåver

Fylkeskommunen og kommunen skal syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante virkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt.

§ 5. Felles oppgåver

Staten, fylkeskommune og kommune skal syte for:

- At kulturlivet har føreseielege utviklingskår
- Å fremje profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og leggje til rette for deltaking i kulturaktivitetar
- At personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre virkemiddel og tiltak



3 Status og resultatvurdering frå førre planperiode (2008-2011)

Oppfølging av planen i perioden har vore bra, men det har ikkje vore automatikk i at handlingsprogrammet som ligg ved planen har følgd det årlege budsjett/økonomiplanarbeidet i kommunen. Vedteke handlingsprogram som følgjer planen vert innspel til budsjett/økonomiplanarbeid i perioden 2013-2016. Handlingsprogrammet som følgjer planen skal rullerast årleg.

I 2010 vart det nedsett ei arbeidsgruppe, som utarbeidde ein rapport og tiltaksplan for Stryn kulturhus. Tiltaka i tiltaksplanen er teke med i denne vurderinga.

Oversikt over tiltak som er med i vedteke handlingsprogram for 2008-2011 og status for desse:

Tiltak	Ansvar	Gjennomført/status
Etablererstipend kunst/design	Kommune/ næringsliv	Ikkje gjennomført
Avsetje midlar til utsmykking av off.bygg og uterom	Kommune	Ikkje gjennomført
Opprette eit kreativt forum	Kommune/ næringsliv	Bulystprosjektet
Modernisering/ombygging av foajee kulturhus	Kommune	Delvis gjennomført
Nye stolar i storsalen kulturhus	Kommune	Vidareført
Digital lyd og bilde og 3D kino	Kommune	Gjennomført
Oppdatering teknisk utstyr kulturhus	Kommune	Delvis
Solskjerming kulturhus og symjehall	Kommune	Ikkje gjennomført
Dusjstol symjehall	Kommune	Gjennomført
Sikring av kyrkjer/kyrkjekunst	Kommune/stat	Registrering av inventar
Ny stilling kulturskulen	Kommune	Gjennomført
Auke budsjett UKM	Kommune	Gjennomført
Øvingsrom/musikkbinge for ungdom	Kommune	Gjennomført
Årleg driftstilskot til Singerheimen	Kommune	Er vidareført
Samordne Galleri Leiten og Kaare Sunde	Kommune	Galleri Leiten er avvikla, nytt Galleri Stryn
Ny bygdebok	Kommune	Ikkje gjennomført
Auka midlar til lag/organisasjonar	Kommune	Ikkje gjennomført
Etablere lagsarkiv	Kommune	Ikkje gjennomført
Ny visjon for kulturhus	Kommune	Gjennomført
Ny kinokiosk	Kommune	Gjennomført
Ny stilling kulturhus/symjehall	Kommune	Gjennomført
Ny kaffibar/restaurant	Kommune	Gjennomført
Vedlikehaldsplan for kulturhus	Kommune	Gjennomført/vidareført
Utandørs symjehall, inkl.terapibad	Kommune	Ikkje gjennomført
Forprosjekt utvikling av uteareal	Kommune	Ikkje gjennomført

4 Problemstillingar og utfordringar

4.1 No-situasjonen

KOSTRA tal viser at Stryn kommune ligg under landsgjennomsnittet og fylkesnivå på nær alle område når det gjeld bruk av ressursar på kultur per innbyggjar. Unntak er drift kulturhus. Det må peikast på at ikkje alle kommunar har eigne kulturhus, så landssnitt og fylkessnitt vert lågt. Besøktala på kinoen i 2012 var gode.

Nøkkeltal frå KOSTRA – Kultur tal per 15.03.2012

Område	Stryn	Sogn og Fjordane	Landet eks.Oslo
Netto drifts.utgift per innbyggjar 6-15 år – Kulturskulen	1 288	2 821	2 004
Brutto utgifter per brukar i kulturskulen	12 022	14 838	15 410
Besøk per kinoframsying	55,4	36,6	33,9
Netto driftsutgifter kommunale idrettsbygg	205	258	297
Netto driftsutgifter kommunale kulturbygg	414	177	167
Netto utgifter barn og unge per innbyggjar 6-20 år	281	476	825
Netto utgifter til musikk/ kulturskule per innbyggjar	176	376	255
Netto utgift til idrett per innb.	115	234	220
Netto utgift til bibliotek per innb.	161	317	258
Netto utgift til museum per innb.	36	36	61
Netto utgift til kunstformidling per innb.	8	44	100
Netto utgift til kino per innb.	8	17	18
Netto utgift til andre kulturakt.per innb.	138	160	219

Tala er ikkje spesielle for dette året, det er ein tendens at kommunen nyttar lite midlar til kultur.

Det frivillige kulturlivet – Rikt og variert

Stryn kommune har eit variert, rikt og allsidig kulturliv. Kommunen sine mange lag og organisasjonar tilbyr aktivitetar til innbyggjarane i alle aldersgrupper. Dei er viktige både for kulturlivet og for samfunnet meir allment.

Stryn frivilligsentral har og ei viktig rolle i det frivillige kulturlivet. Frivilligsentralen har som mål å vere eit kontaktpunkt og eit bindeledd mellom dei som frivillig ønskjer å yte ein ubetalt innsats i nærmiljøet og dei som ønskjer å ta ein mot eit slikt tilbod.

Terskelen for å delta i det lokale kulturliv, oppleve kunst og kultur skal vere lav. Informasjon om tilboda som finst, samt legge til rette for gode møteplassar for lokalt kulturliv og gjere dei tilgjengeleg for alle, er viktige tiltak for å få fleire i aktivitet og skape gode miljø og ein betre og meningsfylt kvardag for fleire.

Utfordringar:

Opningstider, kostnader knytt til medlemskap/leige av hus og billettprisar er med på å avgjere kven og kor mange som kan delta på det som er tilgjengeleg av kulturtilbod i Stryn kommune. Dette kan ekskludere barn og unge frå deltaking. Det er og få off.transportmiddel mellom Stryn sentrum og bygdene, noko som kan påverke deltakinga, spesielt det som er retta mot barn og unge. I tillegg er det behov for universell utforming på fleire stader som tilbyr kultur og fritidstilbod.

4.2 Kompetanse og kvalitet

Kvalitet er eit relativt omgrep, men ikkje subjektivt. Om noko har kvalitet eller ikkje, er ikkje eit spørsmål om kva den eine eller andre likar, men om kva vi har med å gjere, og kva det skal nyttast til.

Kunstnarleg kvalitet vert såleis eit spørsmål om kva vi ventar oss av kunsten, eller kva vi vil bruke den til. Mange vil framheve at siktemålet er å få ei estetisk oppleving, andre vil legge vekt på at kunsten skal gje oss noko å tenkje over og snakke om. Mykje av kunsten appellerer til kjenslene våre, til kommentar og ordskifte, og for mange skapar kunsten behov for å ta standpunkt, til dømes på grunn av at vi på ein eller annan måte vert provosert. Dess betre eit kunstverk er i stand til å innfri slike forventningar, dess betre kvalitet kan ein seie at verket/kunsten har. Det finst ikkje eit einskilt sett av alltid gyldige kriterium for kunstnarleg kvalitet, men det finst ei rad relevante kunstnarlege kriterium som kan kombinerast på ulike måter, og som til og med kan stå i motsetnad til kvarandre, t.d. nyskapande, velkjend, velforma, kompleks.

I likskap med det frivillige feltet generelt, er frivillig kulturverksemd og prega av ei aukande profesjonalisering. Det vert stadig vanlegare at amatørteaterlag, korps og kor trekkjer inn profesjonelle krefter til instruktørar eller solistar.

Den kulturelle skulesekken innbyr til samarbeid med lokale kunstnarar og skulane i kommunen. Den kulturelle spaserstokken innbyr til samarbeid mellom kunstnarar, omsorgssentra og dei eldre sine organisasjonar. Samspel mellom frivillig kulturliv og det profesjonelle kunst- og kulturlivet er viktigare enn nokon gong. Kulturtilbod som film, bokbad, konsertar o.l., ønskjer ein i større grad samarbeid om slik at vi tilbyr opplevingar på dagtid for dei som er pensjonistar og andre. Kulturhus/kino og bibliotek ønskjer å utvikle dette tilbodet vidare.

Frivillig kulturarbeid har vore og har ei nøkkelrolle når det gjeld opplæring til vaksenlivet. Kunnskapsoverføringa som den frivillige sektoren står for er ein viktig faktor i den generelle oppbygginga av kulturell kompetanse i kommunen.

Utfordringar:

Dugnadstradisjonen er sterk i Stryn kommune, og mange er villige til å stille opp for fellesskapen med gratisinnsats. Likevel ser vi ei endring ved at fleire ønskjer å delta i tidsavgrensa prosjekt/tiltak, i staden for å bli faste medlemmar i lag og organisasjonar. Vi ser og at fleire ønskjer å delta i aktivitetar utan å vere med i ein organisasjon eller ta på seg styreverv.

Framleis vert storparten av den frivillige kulturverksemda drive av lokale eldsjeler på fritida, men det er ein klar tendens til at frivillig sektor vert profesjonalisert, og at dei aktive sjølv har større forventningar og krav til kva lag/organisasjonar kan tilby.

Konsekvensen er at det kan verte dyrare å delta, noko som rammar særleg barn og unge.

4.3 Økonomi

Kultursektoren er på line med andre sektorar avhengig av økonomi for å kunne drive eksisterande tilbod og utvikle nye tiltak.

Stryn kommune har trong økonomi. Dette speglar prioriteringane i budsjett/økonomiplanen. Kultursektoren har få lovpålagde oppgåver, og er såleis svært avhengig av politisk vilje og prioriteringar for å kunne utvikle og stimulere kulturfeltet lokalt. Med politisk vilje har det vist seg at sjølv mindre kommunale midlar til kultur genererer auka aktivitet og deltaking. Kommunale tiltaksmidlar/kulturmidlar kan vere det som skal til for at eit kulturprosjekt/tiltak skal få finansieringa på plass, og høve til søkje eksterne midlar. Reglar om medfinansiering gjeld for det meste. Eksempel på tilskotsordningar som krev medfinansiering for å kunne bli realisert er t.d. frå Musikkutstyrsordninga/ Norsk kulturråd sine ordningar, spelemidlar til lokale kulturbygg osb. Alle desse krev finansiering på 30-50 % eller meir for å få søkje om tilskot.

Det er difor viktig at Stryn kommune satsar på kulturlivet og legg til rette for dei nødvendige økonomiske virkemiddel som trengst for å få til ei positiv utvikling i åra som kjem.

Utfordring:

Politisk evne til å løfte kulturfeltet økonomisk.

4.4 Utvikling

Når det gjeld utviklarrolle har kommunen fleire ulike oppgåver:

- Planarbeid
- Utviklingsarbeid gjennom bruk av eigen kompetanse
- Økonomiske virkemiddel
- Kunnskapsutviklar

Planarbeid

Planarbeid som del av utviklingsaktørrolla er ein strategi for å utvikle kulturpolitikken i kommunen, ved å kjenne utfordringane i kommunen og innbyggjarane sine behov. Dette inneber m.a. å etablere møteplassar, setje dagsorden, samarbeide og ha dialog med ulike aktørar og brukargrupper.

I planstrategien for Stryn kommune er det gjort vedtak om to kommunedelplanar innan idrett og kultur. I tillegg skal det skal det utarbeidast ein ny kulturminneplan for Stryn kommune.

Utviklingsarbeid gjennom bruk av eigen kompetanse

Kommunen har stor og brei kompetanse. I ei utviklarrolle blir denne kompetansen tatt i bruk i utvikling av nye prosjekt, anten desse er initiert frå offentleg eller private aktørar. Kompetansen må nyttast som ein ressurs for å gi rettleiing og støtte arbeidet slik at tiltak kan testast ut og nyskaping kan bli ein del av kvardagen.

Økonomiske virkemiddel

Viktige tilskotsordningar i tillegg til lokale kulturmidlar er m.a arrangørstøtteordninga frå Norsk kulturråd, prosjektmidlar, Musikkverkstadordninga, kulturkort for ungdom og tilskot til lokale kulturbygg.

Stryn kommune har kulturmidlar på budsjettet til drift, og utviklingsarbeid. Finansiering av større tiltak kan ein mellom anna søkje fylkeskommunen, Kulturminnefondet, Kulturrådet, stiftingar, bankar osv om tilskot til.

Kunnskapsutviklar

Stryn kommune fungerer som ein nødvendig kompetansebase for, og utvikling av, relevant kunnskap om samfunnsutviklinga i kommunen. Ein må heile tida søkje ny kunnskap i høve dei utfordringane og forventningane samfunnet har, slik at ein har best muleg grunnlag for handling/tiltak og fagleg rettleiing.

Utfordring:

Ressursar til nye oppgåver, auka/nye krav om kompetanse og utvikling av kulturfeltet



5 Tilbod – Tiltak i planperioden

5.1 Bibliotek

Lov om folkebibliotek

§4 – Alle kommuner skal ha et folkebibliotek

§1 – Folkebibliotekene skal ha til oppgåve å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet gjennom informasjonsformidling og ved å stille bøker og annet egnet materiale gratis til disposisjon for alle som bor i landet.

Stryn bibliotek er ein viktig arena for trivsel, kunnskap, litteratur- og kulturformidling. Biblioteket er ein viktig møteplass for alle brukargrupper, og skal vere med på å stimulere til mangfald og sosial integrering. I 2004 flytta biblioteket frå Stryn kulturhus til Stryn vidaregåande skule. Biblioteket er både eit folkebibliotek og eit skulebibliotek for vidaregåande skule og grunnskulane i kommunen. Biblioteket har låg bemanning i høve opningstid, som er på heile 46 t/per veke. Det vert brukt lite ressursar på bibliotekutvikling i kommunen. KOSTRA tabellen viser ei netto utgift per innbyggjar på kr 161,-, dette ligg langt under Sogn og Fjordane elles, som har ei netto utgift per innbyggjar på kr 317,-. Resten av landet har ei netto utgift per innbyggjar kr 258,-.

Lesestimulering og litteraturformidling er særst viktig for barn og unge, i sær for at dei skal utvikle seg til sosiale, reflekterte og engasjerte menneske. Biblioteket som inngang til litteratur og språk er såleis kanskje den viktigaste kulturberaren vi har. Fleire undersøkingar dei seinare åra viser at norske barn er dårlegare lesarar enn barn i dei fleste andre vestlege land. Biblioteket har auka fokus på lesing, litteraturformidling, sosiale media, og biblioteket som møteplass for barn, unge og vaksne. Informasjon om nye bøker, filmar og musikk vert i dag formidla via internett, facebook og blogg til brukarane.

Eit sentralt mål for utvikling av bibliotekfeltet i åra som kjem, er å legge til rette for eit såkalla saumlaust bibliotek. Ideen om eit tilnærma saumlaust bibliotek tek utgangspunkt i eit prinsipp om at kvart einskild bibliotek i utgangspunktet kan stille eigne samlingar og tenester til rådvelde også via andre bibliotek enn sitt eige, og at dei så langt råd er, kan gjere dette utan å diskriminere ulike lånetakarar- eller brukargrupper. Poenget er at det i størst muleg grad skal vere råd å nytte dei samla informasjonsressursane som finst i norske bibliotek, utan omsyn til kvar i landet brukaren oppheld seg, og til kva føremål informasjonen skal nyttast.

I den grad dette kan realiserast, vil biblioteket like mykje verte ein funksjon som ein stad, ein kombinasjon av eit fysisk bibliotek med samlingar som kan lånast ut på tradisjonelt vis, og ein institusjon som er bidragsytar og deltakar i ein digital informasjonsbank.

Biblioteket og Stryn vidaregåande skule har utarbeidd ein eigen plan for bibliotektilbodet i skulen. Det er ønskje om ein liknande plan for grunnskulane. Planen skal utarbeidast i lag med skulane.

Det er få ikkje-kommersielle møteplassar att i samfunnet. Biblioteket har framleis ei slik rolle, der alle same kva alder, kjønn og kulturell bakgrunn kan nytte seg av tilboda biblioteket kan tilby, og gratis. Eit levande bibliotek er både ein kunnskaps- og kulturinstitusjon og ein kjelde til opplysning, trivsel og inspirasjon for heile samfunnet. Nye utdanningsformer, fjernundervisningstudentar og studentar som deltek i ulike former for vaksenopplæring stiller store krav til biblioteket. Det er difor viktig at biblioteket kan levere det studentane treng av bibliotektenester.

Tiltak:

- Opningstider betre tilpassa behov og etterspørsel
- Utarbeide bibliotekplan for grunnskulane i kommunen
- Ny/modernisert ungdomsavdeling
- Samarbeid med kulturhus og kulturskule om tilbod/arrangement/utlån
- Samarbeid med skular, barnehage, SFO om ulike lesetiltak
- Auka IT satsing
- Legge til rette for eit såkalla saumlaust bibliotek
- Fleire arrangement retta mot barn og unge
- Kulturnatt, bokbad, forfattarbesøk m.m
- Auka/ny kompetanse
- Vurdere nye biblioteklokale i tilknytning til kulturhuset



5.2 Kulturhus / kino / symjehall

Kulturhus

Stryn kulturhus opna i januar 1991. I starten var bibliotek, kafe, kunstgalleri og kulturskule lokalisert samla i kulturhuset. Kafe Hjorten vart avvikla i 2008. I 2010 vart kunstgalleriet i 1.etg.bygd om og delt mellom galleri og lokale for kulturskulen sine måle- og teikne elevar. Lokale var i utgangspunktet tiltenkt som bomberom. Lokala er ikkje gode til undervisning og er ein av utfordringane til kulturskulen.

For Stryn kommune har det betydd mykje å ha eit kulturhus med mulegheit til å vise større profesjonelle produksjonar, samt at huset er ein arena for lokale lag/organisasjonar og private i kommunen. Kulturhuset er eit fleirbrukshus med areal for utstilling, galleri, konsertsal/kinosal, møte- og øvingsrom, kaffibar, og undervisningsrom m.m.

Aktiviteten i kulturhuset gjekk dessverre nedover nokre år. Avvikling av kafedrift, samt gamalt og slite utstyr kan vere noko av årsakene til nedgangen. Som ein konsekvens av dette vart det nedsett ei arbeidsgruppe og utarbeidd ein tiltaksrapport.

I dag er fleire av tiltaka i rapporten gjennomført og vi ser ei gledeleg auke i aktivitet og bruk av kulturhuset. Noko som gir signal om at auka satsing på kvalitet, tilbod og innhald gjer bruken av huset interessant for fleire – både frå nye og gamle brukarar/publikum.

Kulturhuset skal vere kommunen sitt fremste hus for kunst og kulturformidling. Eit godt hus for alle. Kulturhuset skal legge høva til rette for lokale aktørar og profesjonelle kunstnarar som ønskjer å

bruke huset. For å få det til må ressursar, inventar og utstyr vere på plass slik at ein kan tilby publikum og kundar god sørvis og høg kvalitet på tenestene. Då kan ein og forvente auka besøk og betre inntening.

Stryn kulturhus og symjehallen har sidan dei vart bygde, fungert som to sjølvstendige einingar. Ein ønskjer no å sjå desse to samla under eit, slik at personalressursar, tilbod, sørvis, marknadsføring o.l kan utnyttast felles der det er naturleg og etter behov. Kulturhus og symjehall bør ha felles inngang som er enkel og naturleg for publikum å finne. Felles inngang, sal av billetter, kiosk og kaffibar vil styrke tilbodet og gjere det meir attraktivt for publikum. Tilboda i den nye kaffibaren og kiosken må og kome symjehallen sine gjestar til gode. Med felles inngang vil det verte meir naturleg, enn slik det er i dag.

Kino

I NOU 2001:5 «Kino i ny tid» peikar ut retninga for norsk kinopolitikk.

Kinoen i Norge er en del av det lokale kulturtilbudet som kommunene er politisk ansvarlige for, uavhengig av om kinoen drives i offentlig eller privat regi. Det er kommunene som er ansvarlig for utforming av den lokale kulturpolitikken som kinoen er en del av.

Om plassering av kinoen vert det sagt dette:

I vårt land er det vanlig at kinobyggene på mellomstore og mindre steder inngår i et kulturhus og er etablert som flerbrukshus for kino, teater, musikk m.m

Kinoen er ein viktig del av kommunen sitt samla kulturtilbod, og vart fullt ut digitalisert med lyd, bilde og 3D i 2010. Kinoen er godt besøkt og hadde i 2012 eit samla besøkstal på 10 875. Den store kinodagen samla over 400 personar. Målsetjinga i førre planperiode var eit samla besøkstal på 10-12 000 per år, noko vi har oppnådd. Målet er at vi skal auke besøkstala jamt kvart år på kinoen i denne planperioden, og bli den kinoen i regionen med best besøkstal.

Kinoen har 3 faste filmdagar i veka, i tillegg har vi seniorfilm, nattkinoar, skulefilm, romjulsfilm, den store kinodagen m.m.

I 2011 gjekk alle 4 kinoane i Nordfjord inn i ei avtale om kinoreklame med firmaet Fantastiske Osberget (FO) i Ulsteinvik. Avtalen skal gi kinoen årlege inntekter, som er basert på % tal frå reklamesal FO sikrar kinoen. Konsertsal/kinosal får nye stolar i 2013. Dette vil vere med på å gjere opplevinga for dei som går på kino og på ulike kulturarrangement i kulturhuset betre.

Symjehallen

Stryn symjehall har internasjonale mål og vart opna i 1973. Hallen vart oppgradert og rehabilitert i 1999, med nyopning i 2001. Symjehallen fekk ny vassklie, ny stupeavsats og nytt barnebaseng. I tillegg vart hallen utsmykka av kunstnaren Magne Viggo Kristiansen.

Det er ein klar samanheng mellom fysisk aktivitet og god helse. Symjing er eit viktig lågterskel tilbod og inkluderer mange, og kan nyttast heile året. Symjehallen i Stryn er populær, noko som vi ser på det gode besøket symjehallen har kvart år. I 2012 hadde vi eit samla besøk, inkl. skulesymjing på ca 45 000, noko som utgjer eit snitt på ca 130 besøkande kvar dag, heile året.

Tiltak:

- Nye stolar i konsert/kinosalen
- Vurdere ny inngang og låsesystem for kulturhus/symjehall
- Felles billettsal for kulturhus/kino og symjehall
- Felles marknadsføring av kulturhus og symjehall
- Oppgradering av møterom, utstyr, møblar
- Fleire kinotilbod, konsert i foajee, bokbad, ulike kultursamarbeid

- Utvikle kaffibaren / utekafe
- Utvikle nye tilbud for ulike brukargrupper
- Modernisere og oppgradere Heimskringla for privat utleige, barneselskap m.m
- Vurdere felles forprosjekt for utandørs badeanlegg, varmtvassbasseng og uteområde
- Oppgradere garderobar og utstyr i symjehallen

5.3 Kulturskulen

Kulturskulen starta opp som ein rein musikkskule i 1988. I 2000 fekk skulen nye tilbud innan dans, drama, teikning/måling og endra samstundes namn til Stryn kulturskule.

Kulturskulen er lokalisert i kulturhuset, hovudsakleg i 1.etg. I tillegg tilbyr skulen noko desentralisert undervisning.

I 2012 har skulen hatt mellom 110 - 170 elevar, avhengig av tilbud. I tillegg står 42 barn/unge på venteliste for å kome inn i skulen.

Lokala kulturskulen disponerer i kulturhuset var i utgangspunktet ikkje tenkt nytta til undervisning, og er ikkje godt nok tilpassa dagens behov. Undervisninga går føre seg i støy og fukt frå vaskemaskiner, er trange og har dårleg luft og lite lys. Teikne/måleelevar har undervisning i eit ombyggt bomberom. Lokala gir ikkje skulen mulegheit for utvikling. Stryn kulturskule har eit stort behov for nye lokale.

Kulturskulen har i mange år hatt elevar på venteliste. På årsbasis står om lag 30 000 barn/unge på venteliste for å få plass i ein kulturskule. Kulturløftet II til den raudgrøne regjeringa seier dette om satsinga på kulturskulen:

«Kulturskule for alle barn som ønsker det. Det skal gjennomføres et kulturskuleløft slik at alle barn som ønsker det får et kulturskuletilbud av god kvalitet til ein rimelig pris. Dette skal sikres ved statlige stimuleringsmidler og en solid kommuneøkonomi. Utvikling av et mer omfattende kulturskuletilbud i tilknytning til SFO/skole skal utredes».

For å få ned ventelistene og auke tilbud og kvalitet i kulturskulen, innfører regjeringa frå hausten 2013 ein gratis kulturskuletime for alle elevar 1.-4.klasse. Alle kommunar får plikt til å tilby dette, men det er frivillig for elevane å delta. Tilbodet skal vere i skule-/SFO-tida, og er meint som eit samarbeid mellom skule/SFO og kulturskulen.

Kulturskulen har som mål å bli eit ressurscenter for musikk og andre kunstfag i kommunen. For å kunne bli det må det leggjast til rette for dette, både fysisk og med ressursar. Den største utfordringa for kulturskulen er per i dag undervisningslokale. Det er eit ønskje at vaksenopplæringa/norskundervisninga som held til i 3.etg.på kulturhuset kan få andre undervisningslokale, slik at heile kulturskulen kan flytte dit. I dag har dei to skulane sambruk , noko som ikkje fungerer godt. Kulturskulen har få tilsette, og fleire i små stillingar. Det er ei utfordring å utvikle skulen med nye tilbud, ulike samarbeidsprosjekt, samarbeid med mellom fleire kommunar, og eller andre aktørar slik bemanninga er per i dag. Målet er å kunne arbeide for å få auka løyvingar, utviklingsmidlar/prosjektmidlar som kan gjere det muleg å utvide kulturskuletilbodet og gje plass til fleire og nye elevar i skulen.

Kulturskule for alle

Det er ønskje om å kunne tilby plass i kulturskulen for alle som ønskjer det. Kulturskulen i Stryn kommune skal vere utadretta og synleg i lokalmiljøet. Det er viktig å arbeide for at prisen for elevplass i skulen ikkje ekskluderer barn og ungdom frå å delta. Ein elevplass i dag kostar kr 3 500,- per år for undervisning, i tillegg kjem instrumentleige/materialavgift. Søsken får ein moderasjon på kr 200,-. Det må arbeidast for å få ned prisen slik at fleire som ønskjer, kan melde seg inn.

I tillegg til tilboda kulturskulen tilbyr i dag, bør ein og vurdere nye tilbod som t.d. samspelgrupper innan jazz, pop, rock og folkemusikk, skriveverkstad for ulike litterære sjangrar, film/video, tilbod til menneske med særskilde behov og ulike samarbeidsprosjekt mellom kulturskule, kor/korps, barnehagar, SFO og skular. Kostnad knytt til nye tilbod må ev innarbeidast i økonomiplanen, eller bli vurdert oppstarta etter sjølvkostprinsippet.

Tiltak:

- Nye lokale til vaksenopplæringa – Flytte heile kulturskulen opp i 3.etg.
- Utvikle kulturskulen som ressurscenter for musikk og kunstfag
- Auka ressursar
- Nye samarbeidsprosjekt med barnehagar, SFO, skular, arbeidssenter m.fl.
- Legge til rette for gratis undervisning for alle elevar i 1.-4.klasse som ønskjer det, frå hausten 2013
- Utleige av instrument – Eigen instrumentpark
- Sal av tenester til lag/organisasjonar, private
- Fleire stillingar



5.4 Barn og unge

Barn og unge som opplever kultur i mange ulike former og uttrykk, vil også som vaksne vere aktive brukarar av kultur.

Barn og unge er samfunnets viktigaste ressurs. I dagens samfunn er denne gruppa storforbrukarar av kultur, innafor dei fleste områda.

Det er difor viktig at dei tilboda vi tilbyr har eigenverdi og er av høg kvalitet. Målet må vere at dei kunst- og kulturtilboda vi tilbyr barn og unge skal vere minst like gode som det vi tilbyr vaksne.

Barn og unge skal få rom til å oppleve, skape og sjølvve vere utøvarar av ulike kunst- og kulturuttrykk.

Den kulturelle skulesekken (DKS)

Stryn kommune har sidan starten i 2002 vore med i DKS ordninga i Sogn og Fjordane. DKS er ei stor kulturpolitisk satsing. Målet er først og fremst å gje born i grunnskulen ein kulturell kapital og ein kulturell kompetanse. Tilbodet i Stryn og elles i Nordfjord inkluderer og kulturtilbod til barnehagane. Kulturtilbod til barnehagane i Nordfjord er forankra i eit manifest som alle kommunane har skrive under på.

DKS er godt forankra i Stryn kommune. Det er utarbeidd eigen DKS plan, som vert revidert kvart 3.år. DKS gir ein kulturell sikringskost for alle elevar i Stryn kommune frå 1.-10.klasse. Kvar skule har valde kulturkontakter som er ansvarleg for innhald og kvalitet i skulane sitt årlege DKS program. Dette kjem i tillegg til dei tilboda skulane får frå fylkeskommunen og Rikskonsertane kvart år. I 2012 hadde alle skular elevarrangør. Dette er elevar som får eit spesielt ansvar for å ta i mot og vere med på å legge til rette for eit best muleg besøk for kunstnarane og musikarane på skulen, samt at elevane får ei best muleg oppleving. Stryn kommune mottek tilskot til skulane sine lokale DKS program årleg.

Tilskotet vert utrekna etter tal elevar og tal skular (GSI). Dei siste åra har kommunen motteke kr 102 000 per år til fordeling mellom 9 skular.

Lærarane er like viktige som kunstnarane for eit vellukka resultat. Dei må setjast i stand til å bruke dei tilboda som kjem, legge til rette for elevane og innarbeide kulturtilboda i forhold til læreplanar og skuleplanar. Gode rammer for lærarane gir og større engasjement og deltaking.

Det er oppretta eit eige Kulturforum for DKS. Her møter kulturkontakter, repr.frå barnehagar og avdelingsleiar kultur 2 ganger per år. Kulturleiar er koordinator og leiar for DKS kulturforum.

Gratis leige

Barn og unge får leige gratis på skulane i fritida. Nytt frå 2013 er at det og vert gratis for ungdom å leige musikkbingen til øving.

Stryn ungdomsråd (SU)

Ungdommens kommunestyre vart oppretta i 2000. I 2012 endra vi namn til Stryn ungdomsråd. Ungdomsrådet er eit viktig organ for ungdom i målgruppa 13-19 år. Representane vert valde inn i SU kvar haust frå ungdomsskulane og vidaregåande skule. Kvar skule vel 3 representantar, samt vara til ungdomsrådet. I tillegg vel ein inn 2 representantar frå frivillige lag og organisasjonar. SU handsamar saker som vedkjem barn og unge sine interesser i kommunen, samt at dei lyser ut og tildeler eigne midlar til tiltak for barn og unge. Ungdomsrådet vel eigen ungdomsordførar og varaordførar som begge deltek på Ungdommens fylkesting, regionale samlingar og møte.

Utfordringa er å få ungdom til å engasjere seg og finne det interessant å vere med i SU. Å sikre at ungdom deltek i samfunnsdebatten vert sett på som ein viktig verdi i kommunen.

Ungdommens kultur mønstring (UKM)

UKM er og har vore eit stort nasjonalt satsingsområde for ungdom og kultur, sidan starten i 1988. UKM er det største fylkeskommunale og kommunale kulturarrangement for barn og unge mellom 10 og 19 år. Stryn og Hornindal kommunar har arrangert felles UKM sidan 1994, eit vellukka samarbeid i alle år.

MOT

Stryn kommune har vore med i MOT sidan 2001. Avtalen med MOT vart fornya i 2010, for nye 4 år. Avtalen sikrar elevar i ungdomsskulen fleire faste MOT besøk i året av lokale MOT informatørar, som inspirerer og lærer ungdomane gode haldningar, m.a. mot til å seie nei til rusmidlar og mot til å stå for eigne val og meiningar.

Øvingsstad

Stryn kommune har fleire lag, organisasjonar og private som driv med song og musikk. Korps, kor, folkemusikk, musikkbinge og musikkverkstader er alle aktørar som driv større og mindre tilbod og prosjekt innan sin sjanger. Gjennom ei interessemåling på ungdomsskulane i 2007, kom det fram ønskje og behov for ein øvingsstad for pop/rock i kommunen. Som ein konsekvens av dette søkte kulturavdelinga om å kome med i musikkbingeordninga i 2009. Stryn musikkbinge vart opna i desember same år og har vore godt besøkt av ungdom som treng ein øvingsstad. Kulturhuset administrerer utleige av musikkbingen. Musikkbingen er lydisolert, komplett utstyrt m/trommesett, PA, songanlegg m.m. Det er gratis å leige musikkbingen for ungdom mellom 14-20 år. På Hjelle er det opna ein ny musikkverkstad, her kan og ungdom med interesse for musikk møtast og øve. Musikkverkstaden er godt utstyrt.

Stipend / legat

Stryn kommune oppretta og tildelte kulturstipend for ungdom første gang i 1991. Fleire ungdomar som har motteke kommunen sitt kulturstipend har utmerka seg både nasjonalt og internasjonalt.

Stipendet er meint å vere ein stimulans til ungdom som viser eit særskilt talent innan kunst, kultur eller idrett. Stipendet er ei pengegåve og eit diplom.

Emil Bolstads legat var skipa i 1991. Legatet har til føremål å fremje og vidareføre Per Bolstad sin musikktradisjon. Første tildeling var i 1992. Kulturleiar er leiar i styret for legatet.

Telegrafan ungdomskafe

Ungdomskafeen vart skipa i 2002. Tilbodet er populært og tilbyr ungdom i kommunen ein rusfri møteplass, ulike aktivitetar og kafe. Telegrafan er open fleire ganger i veka og er eit tilbod til både ungdomsskuleelevar og elevar frå vidaregåande skule. Det er tilsett dagleg leiar i 50% stilling. Tilbodet er ope for alle i kommunen.

Ungdomskontakt

Stillinga som ungdomskontakt vart lagt ned frå 01.01.13. Etter at stillinga vart lagt ned er arbeidsoppgåver med MOT, UKM satsing, Førebyggings forum, politirådet, ungdomsråd m.m lagt ned eller blitt nedprioritert.

Tiltak:

- Utvikle og styrke DKS satsinga i Stryn kommune, m.a. ved å sikre at kulturkontaktene på skulane deltek på kurs og samlingar i regi av DKS
- Vidareføre og utvikle Stryn ungdomsråd
- Få inn att stillinga som ungdomskontakt
- Utvikle og styrke UKM satsinga
- Stimulere til oppstart av fleire musikkverkstader/øvingsstader i kommunen
- Utvikle MOT som kommunen sitt fremste førebyggjande tiltak for barn og unge
- Stipendordning for trenarar/instruktørar som jobbar med aktivitet retta mot barn og unge
- Legge betre til rette for at alle barn og unge kan delta, oppleve og skape innfor kunst og kultur

5.5 Frivillige lag og organisasjonar

Stryn kommune har eit rikt, variert og aktivt frivillig kulturliv. Kommunen sine mange lag og organisasjonar tilbyr og aktiviserer innbyggjarane i alle aldersgrupper innan kultur og fritid. Samfunnet er prega av ein omfattande fritidsorganisering, noko som er spesielt for dei nordiske landa.

Dei frivillige lag og organisasjonane tek vare på eit viktig behov for sosialt fellesskap. Aktivitetar innan kultur og idrett er med på å bygge bruer i mange nærmiljø, dei engasjerer ofte familiar til felles innsats av administrativ, fagleg og økonomisk art. I tillegg utviklar miljøet samhald, solidaritet og identitet.

Organisasjonslivet er i endring. Krav til innsats vert større. Koplinga mellom betalt arbeid og dugnad vert vanlegare. Også konkurransen med kommersielle aktørar/tiltak merkast. Fleire tiltak/tilbod vert større og meir profesjonalisert. Det har og utvikla seg stor breidde og ulikskap i kor profesjonelle organisasjonane er. Det er mange organisasjonar som har sterke nettverk nasjonalt, men og mange mindre med ein meir uformell og ad hoc prega organisasjonsstruktur.

Mykje av det frivillige kulturarbeidet går også i større grad enn tidlegare føre seg utanfor dei tradisjonelle kulturorganisasjonane. Store kulturtiltak er ofte eit samarbeid mellom frivillig innsats, lokalt næringsliv og offentleg støtte, og det er framleis stor frivillig innsats som vert lagt ned. Frivilligsentralen har og vore med på å endre delar av det frivillige arbeidet. Variasjonane og ulikskapane innan ulike delar av kulturlivet er stor.

Frivillige lag og organisasjonar har ulike oppgåver som betyr mykje for samfunnet generelt og kulturlivet spesielt. Innsatsen til det frivillige kulturlivet er viktig i det førebyggjande arbeidet for barn og unge. Dersom det frivillige arbeidet fell bort, må mykje av arbeidet betalast for dersom ein skal få det utført. Innsatsen til frivillige lag og organisasjonar sparer samfunnet for store beløp kvart år.

Stoltenberg regjeringa si overordna målsetjing for frivillig arbeid/politikk i Kulturløftet II, er å støtte aktivt opp under utviklinga av eit levande sivilsamfunn. Regjeringa har lagt fram fire strategiar for frivilligheitspolitikken:

- Betre rammevilkår for frivillig sektor
- Auka fokus på ressursar til lokal aktivitet og lav-terskelaktivitet
- Auka merksemd om inkludering og integrering
- Styrka kunnskap og forsking

Frivilligheitspolitikken som regjeringa legg opp til, skal bidra til gode rammevilkår for frivillig sektor. I 2010 vart det innført ein ny tilskotsordning for kompensasjon av meirverdiavgift til frivillige organisasjonar. Ordninga har vore viktig og gjeve om lag full tilbakebetaling av mva til dei laga som har sendt inn søknader og fått den godkjent innan fristen.

I 2009 vart grasrotandelen innført. Denne ordninga gjer at spelarar som er registrert hos Norsk Tipping kan gi 5% av speleinnsatsen direkte til ein lokal frivillig organisasjon som er registrert hos Frivilligregisteret. I tillegg lyt laget/organisasjonen oppfylle krava i forskrift om grasrotandel, for å kunne motta slik støtte. Begge ordningane har vore viktige økonomiske bidrag for lokale lag og organisasjonar i Stryn kommune.

Utfordringar

Utfordringane er knytt til å gje det frivillige arbeidet gode rammevilkår og skape balanse mellom den offentlege innsatsen og det frivillige arbeidet. Det er difor viktig å vere tydeleg på kva forventningar det offentlege har til det frivillige arbeidet, og omvendt – samt finne gode koplingar mellom dei verkemiddel kommunen har og dei frivillig sektor har. Dei frivillige sin innsats vil vere nært kopla til eigeninteressa og eigenmotivasjon, medan kommunen vil ha fokus på kva oppgåver som er vedtekne politisk. Innan kulturlivet vil det vere behov for gode koplingar mellom dei ulike aktørane for å få til det mangfaldet og den kreativiteten som skal til for å utvikle kulturlivet.

Tiltak:

- Legge til rette for gode møteplassar/arena for lag og organisasjonar sin aktivitet. Tiltak for å gjere dei tilgjengeleg for alle
- Innføre kulturmidlar til lokale kulturhus
- Tiltak for barn og unge skal prioriterast
- Styrke dialogen med frivillige lag og organisasjonar for best muleg bruk av virkemidla
- Auke kulturmidlane til lag og organisasjonar i planperioden
- Vidareføre og utvikle Kultur natt slik at fleire lag/organisasjonar deltek
- Legge til rette for og stimulere til fleirkulturelle tiltak i samarbeid med lag og organisasjonar, frivilligsentralen
- Vidareføre og utvikle kulturtilbod i samarbeid med frivilligsentralen til godt vaksne/pensjonistar (kino på dagtid, seniortreff, konsertar, teater m.m)

5.6 Kunstgalleri / Utstilling / Utsmykking

Galleri Stryn

Er lokalisert i kulturhuset. I samband med nyopninga i 2010, vart namnet endra til Galleri Stryn. Galleri Stryn er tenkt skal presentere kunst frå fleire lokale kunstnarar, men per i dag er det i hovudsak Kaare Sunde sine måleri som er stilt ut. Galleriet er lite besøkt og det er per i dag avsett lite ressursar til denne type kulturformidling.

Gamle Innvik Ullvarefabrikk

I den gamle ullvarefabrikken er det lagt til rette for lokale som kan presentere ulike kunst- og handverkutstillingar. Styret for stiftinga har ulike og varierte utstillingar fleire ganger per år.

Oldenutstillinga

I samband med dei årlege Oldendagane i juli, opnar *Oldenutstillinga* i Olden helsetun. Utstillinga presenterer ulike kunstnarar kvart år.

Stryn kunstlag

Kunstlaget er arrangør for fleire utstillingar i året. Dei siste åra har dei hatt ei større sommarutstilling i Heradsheim (gamle kommunehuset), ulike medlemsutstillingar og salsutstillingar. Kunstlaget stiller fast ut i kulturhuset i samband med Kultur natt.

Galleri MYR

Galleriet opna dørene i oktober 2011 og ligg i Stryn sentrum. Initiativtakarar og ansvarleg for Galleri MYR er Eli Hørven Fjellkårstad og Jan Fjellkårstad. Galleriet er eit uavhengig kunstnordreve galleri. Drifta skjer på basis av lavkostnad og med innslag av frivillig arbeid og at utstillande kunstnarar bidreg sjølve med eigeninnsats og kostnadsdeling. Galleriet har ope faste dagar i veka i samband med utstilling, samt etter avtale.

Gamle prestegarden i Innvik

Den gamle prestegarden frå 1757 har ei unik samling portrett av prestar frå 1600-talet. I tillegg er det utstilling av anna kyrkjekunst. Utstillinga er tilgjengeleg for publikum etter avtale. Huset er eigd av ei stifting og kyrkjekunsten er eigd av Innvik kyrkje.

Singerheimen

William Singer Jr. kom til Nordfjord i 1912. Han og kona Anna vart svært glad i Olden og bygde heimen «Dalheim» (Singerheimen). William Singer Jr. gav store pengegåver til m.a. Nordfjord sjukehus og vegsambandet Olden-Innvik. Etter at ekteparet Singer døyde vart Dalheim donert til fylkeskommunen. Ei stor samling av kunst og antikvitatar gjekk til Vestlandske kunstindustrimuseum i Bergen. I dag vert Singerheimen drifta av gåver, kommunalt og fylkeskommunalt tilskot, i tillegg til inntekter frå utleige, omvising i hus og kunstgalleri, overnatting og servering m.m. Singerheimen med sine mange bygningar og inventar er eit unikt kulturminne som må takast vare på for framtida.

Utsmykking av kommunale bygg/uterom

Det er avsett statlege midlar til utsmykking som ein kan søkje om. Stryn kommune bør ha eit større fokus på kunst og utsmykking av kommunale bygg og uterom. Det bør veljast ein komite som kan jobbe med aktuelle prosjekt i tilknytning til nybygg og modernisering av eksisterande bygg.

Tiltak:

- Samarbeid mellom Stryn kommune og Stryn kunstlag om bruk og utvikling av Galleri Stryn
- Arbeide for at kunstnarar, designarar og andre kreative næringar etablerer seg i kommunen
- Legge til rette for gode arena for produksjon og formidling av kunst og kultur
- Avsetje midlar til kunstnarleg utsmykking i offentlege uterom og bygningar
- Synleggjere og presentere etnisk mangfald i kunst og kulturlivet
- Sikre /auke driftstilskot til Singerheimen planperioden



5.7 Museum / Lokal historie

Faleide skulemuseum

Stryn kommune eig og driftar Faleide skulemuseum. Det er avsett lite ressursar til drift og utvikling av museet, noko som gjer at museet er stengt for publikum store delar av året, og vert berre opna på førespurnad. Museet har som føremål å vere eit museum for bevaring, dokumentasjon og formidling av Stryn kommune si felles skulehistorie. Museet sine to bygningar med uteareal vert teke vare på som eit heilskapleg kulturminne og antikvariske retningslinjer skal danne grunnlag for bevaringsarbeidet. Skulemuseet har behov for større vedlikehald. Taket på hovudhuset har store skadar og vert skifta ut i 2013. Stryn kommune si rolle som eigar og driftar av museet må styrkast i høve bevaring, utvikling, presentasjon og økonomi, om ikkje bør ein vurdere andre driftsformer. Alternativt ei stifting. Uansett kva eigarform museet skal ha, må omsynet til å ta vare på, formidle og utvikle museet kome i første rekkje.

Garden Li

Garden Li vart gjeve som gåve til Stryn kommune i 1998. I 2001 vart det skipa ei stifting for garden. Garden er godt teke vare på og viser eit komplett bygningsmiljø med originalt inventar, utstyr og reiskap. I tillegg er uteområdet fantastisk fint, med ulike plantar i eit kulturlandskap likt slik det var den gongen garden vart bygd.

Stryn kommune gir eit årleg driftstilskot til dette unike kulturminne i Innvik.

Nordfjord folkemuseum (NF)

Museet for Nordfjord-regionen ligg sentralt plassert i Gloppen kommune. Alle kommunane i Nordfjord har inngått skriftleg avtale om årleg driftstilskot til museet. I 2012 var dette tilskotet på kr 153 079. Det er viktig for regionen og kommunane at vi har eit eige museum som tek vare på og formidlar historia til Nordfjord på fagleg og profesjonell måte. NF tek vare på og formidlar delar av kommunen si viktige kulturhistorie på ein framifrå måte. I tillegg er NF ein viktig aktør for den kulturelle skulesekken, som er kommunen sin kulturelle sikringskost til alle elevar i grunnskulen.

Jostedalsbreen Nasjonalparksenter

Senteret opna i 1993. Partane som er med er Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Stryn kommune, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Norges geologiske institutt, Norsk botanisk foreining og Nordfjord folkemuseum. Senteret er ope for publikum store delar av året, og er ein god formidlar av lokalt og profesjonelt kulturliv.

Private museum/samlingar

Det finst fleire mindre og større private samlingar/museum i kommunen. Nokre av dei held ope for publikum delar av året, andre på førespurnad. Andre har ikkje ope for ålmenta. Ingen av desse mottek kommunale midlar til drift eller vedlikehald.

Lokal historie

I 2004 fekk Stryn historielag og Stryn kommune utarbeidd eit forprosjekt for ny busetnadsoge for kommunen. Arnfinn Kjelland v/Høgskulen i Volda utarbeidde forprosjektet, som vart revidert i 2007. Etter det har det skjedd lite med dette arbeidet. Det er ønskje om å få starta opp arbeidet med ny bygdebok for kommunen.

I tillegg til ulike lokale bøker som kjem ut, gir m.a Stryn historielag ut eit årleg lokalhistorisk hefte, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane gir ut Kjelda og Nordfjord Sogelag gir ut Årbok for Nordfjord.

Tiltak:

- Auka ressurs til drift, vedlikehald og utvikling av Faleide skulemuseum
- Sikre årleg driftstilskot til Garden Li og Nordfjord folkemuseum
- Ny busetnadsoge/bygdebok for Stryn kommune
- Kulturmiddel til utgjeving av lokale bøker/hefte

5.8 Kulturminne / Bygningsvern

Kulturminne og kulturmiljø er ein del av omgjevnadene våre, ein del av landskapet og bygningane rundt oss. Dei gir oss kunnskap om tidlegare tider og dei gir oss viktige og rike opplevingar både fysisk og mentalt. Samstundes er kulturminne og kulturmiljø ressursar ein ikkje kan fornye og som vi difor må ta ekstra godt vare på, forvalte og formidle på best muleg måte for komande generasjonar.

Det er berre nokre få kulturminne/kulturmiljø som kan fredast etter kulturminnelova, dei vert omtala som «det smale vernet». Kulturminne som er automatisk freda i høve kulturminnelova er:

- Alle arkeologiske kulturminne, bygningar og ruinar frå før 1537
- Erklært ståande bygningar frå perioden 1537-1649
- Samiske kulturminne eldre enn 100 år
- Skipsfunn eldre enn 100 år

Kulturminne og kulturmiljø kan sikrast gjennom plan- og bygningslova. Dette er eit verkemiddel i det såkalla «breie vernet», der ein kan nytte omsynsame bevaring av kulturmiljø.

Ansvar for kulturminne:

Hovudansvar for å ta vare på freda eller verneverdige kulturminne og kulturmiljø ligg hos eigar.

Fylkeskommune og kommune har eit sjølvstendig ansvar for å følgje opp den nasjonale politikken og får å ta vare på kulturminne og kulturmiljø av lokal og regional verdi.

Stryn kommune fekk i 2000 eigen kommunedelplan for bygningsvern. Grunnlaget for denne planen er SEFRAC-registeret (i hovudsak registrerte bygningar eldre enn 1900).

Stryn kommune har per i dag ikkje ein kulturminneplan. Ein tematisk plan skal synleggjere kommunen sin politikk på området. Uansett kva status ein slik plan får, vil den vere ein viktig kunnskapsbank og eit viktig strategidokument for kulturminne, kulturmiljø og bygningar i kommunen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Riksantikvaren har i 2012 vedteke ei satsing på lokale kulturminneplanar. Det inneber at kommunane kan få inntil kr 150 000,- for utarbeiding av planar. Stryn kommune har vedteke i sin planstrategi at det skal utarbeidast ein kommunedelplan for kulturminne i 2014. Den nye planen vil i tillegg til bygningar og omfatte fornminne og andre kulturminne. Frå før har Stryn kommune vedteken kommunedelplan for bygningsvern for bygg eldre enn 1900.

Tiltak:

- Ny kommunedelplan for kulturminne
- Kulturminne/kulturmiljø som utviklingsressurs for kommunen
- Innføre kulturmidlar for bevaring av kulturbygg/kulturmiljø/kulturminne
- Vidareføre samarbeidet med lag/organisasjonar om markering av Kulturminnedagen
- Kulturminne som ein del av den lokale kulturelle skulesekken
- Betre tilgjenge til kulturminne/kulturmiljø for personar med nedsett funksjonsevne

5.9 Kultur og næring

Kultur i vid forstand spelar ei viktig rolle i økonomien i dag, nasjonalt og internasjonalt. Endra forbruksmønster med større krav til nye og annleis opplevingar, mobilitet og spørsmål etter individuelle tilbod har skapt store endringar. Samstundes skapar dette mulegheiter for dei med idear og kompetanse.

Arbeidet med kulturbasert næringsutvikling har m.a. sitt utgangspunkt i det faktum at kulturnæringar i privat regi har stort omfang, skapar nye verdiar og er ei rask veksande næring. Det er likevel slik at stortparten av denne aktiviteten per i dag skjer i dei folketette, urbane områda.

I Sogn og Fjordane har arbeidet med kulturbasert næringsutvikling fått større merksemd dei siste åra, m.a. gjennom fylkesplanen sitt fokus på tenesteyting og småskala næringsutvikling. Ein har sett at det ligg eit potensiale for verdiskaping og sysselsetting innan kreative næringar, bruk av kunst, kultur og kulturarv i næringsutviklingssamanheng m.m.

Det viser seg at samspel mellom kultur- og næringsutvikling kan medverke til utvikling og vekst både i kulturlivet og i næringslivet. På den eine sida finst døme på at kulturlivet kan medverke til omstilling og innovasjon i næringslivet til dømes i design- og produktutvikling, marknadsføring og organisasjonsutvikling. På den andre sida er det aukande interesse frå kulturlivet for å samarbeide med næringslivet. Dette gjeld den frivillige kultursektoren over heile landet, men det gjeld og den profesjonelle kultursektoren, dei store institusjonane, mindre ensemble og enkeltkunstnarane. Motivasjonen til eit samarbeid er først og fremst knytt til eit større behov for inntekter, men samarbeid kan òg medverke til publikumsutvikling, nye formidlingsarenaer og profesjonell kompetanse i samband med kultursektorens næringsaspekt.

Det ser ut til å ha skjedd ei haldningsendring i kulturlivet til sponsing og samarbeid med næringslivet det siste tiåret. Den skepsisen som ein såg til denne type samarbeid med næringslivet tidlegare, ser ein mykje mindre av i dag.

Kulturpolitikken er og påverka av den generelle moderniseringa og effektiviseringa av offentleg sektor. Dette inneber ein større grad av effektivitets- og marknadsorientering med auka krav til eigeninntening, publikumstal og økonomiske resultat. Dei siste åra har ein sett ei utvikling i retning av meir integrert samarbeid og større grad av gjensidig tenesteyting mellom sektorane.

Stryn er ei ressursrik kommune. Likt med eit godt etablert og utvikla reiseliv som tilbyr natur og friluftsopplevingar, bør ein og kunne tilby spennande og gode opplevingar innafor kultur. Skal vi utvikle nye og unike produkt, vil det å byggje på tradisjon og den kulturelle arven etter dei før oss, vere viktig. Det er her vi finn det ekte og spesielle. Utfordringa ligg i å omsetje lokale tradisjonar og kulturarv i nye produkt og tenester. Døme på ei svært vellukka bedrift som har klart dette er Moods of Norway.

Idrettslaga i kommunen har gjennom mange år bygt ut og drifta store og flott idrettsanlegg. Dei har vore arrangørar for mange store og svært vellukka idrettsarrangement. Dette vert det lagt merke til langt utanfor kommunegrensa. Dette er med på å setje kommunen på kartet, gi oss godt omdøme og ikkje minst synleggjere kommunen som ein attraktiv plass å bu i, oppleve i og vere aktiv i.

Kultur og næring som utviklingsstrategi

Satsing på kultur og kulturbasert næringsutvikling kan spele ei viktig rolle i lokal og regional utvikling og omstilling. Eit mangfald av gode kulturtilbod og aktivitetar kan vere med på å styrkje fellesskapen, livskvaliteten og kompetansen hos innbyggjarane. Sjølv om arbeid og utdanning i særleg grad avgjer val av bustad, er og tilgangen på opplevingar og livskvalitet viktige faktorar. Kultur og kulturbaserte næringar kan vere med på å auke kjennskapen til ein kommune, og elles vere viktig i merkevarebygginga, særleg sett i samanheng med reiseliv. Kultursatsing kan tilføre ei kommune kreativitet og dynamikk, noko som både kan føre til at det vert etablert ulike kulturbaserte næringar og andre verksemder vel å etablere seg i området.

Tiltak:

- Integrere kunst- og kulturaspektet i ein heilskapleg strategi for innovasjon, utvikling, verdiskaping og bulyst
- Utvikle kunnskap og kompetanse om kulturbasert næringsutvikling
- Innføre tiltaksmidlar til kunst og kulturnæringar
- Utvikle større festivalar/fyrtårnstiltak/prosjekt
- Forprosjekt for utvikling av uteområde kulturhus/symjehall/basseng/varmtvassbasseng/utescene



5.10 Kultur og helse

I Norge er det sosiale skilnader i helse som varierer systematisk med utdanningsnivå, yrkesgruppe eller inntektsnivå. Vi finn sosiale helseskilnader nesten uavhengig av korleis vi måler sosial posisjon. Dette gjennomgåande mønsteret er årsaka til at WHO rår til å legge vekt på sosiale tilhøve heller enn sjukdoms-spesifikke løysingar.

Folkehelse handlar både om den fysiske, psykiske og sosiale delen av livet. Omgrepet «Kultur og helse» som del av folkehelsearbeidet handlar om å tilpasse kulturtilboda og gjere dei tilgjengeleg for heile befolkninga, slik at ein og får med dei som ikkje kjem av seg sjølve. Det handlar også om å prøve ut nye tilbod for utvalde målgrupper, flytte kulturen inn i institusjonar eller på andre arenaer om det er grunnlag for slike løysingar. Men det kan og handle om å informere om kva kulturtilbod som er tilgjengeleg, syte for eigna transportløysingar og på andre måtar organisere det praktiske rundt det å delta.

Det frivillige og offentlege kulturlivet sine tilbod må kunne fremje engasjement og handlingskompetanse ved deltaking og eigenaktivitet. Det er kulturaktiviteten i kvardagen, der enkeltindividet sjølv er aktør i lokalsamfunnet, som skapar nærleik til kvarandre og som er viktig for utvikling av lokal tilhøyre og identitet.

Den kulturelle spaserstokken er ei statleg tilskotsordninga der kommunane kan søkje om midlar til gode kulturtiltak for eldre. Tiltaka skal ha høg kulturfagleg kvalitet. Stryn har vore med i ordninga dei siste åra, og på den måten m.a. fått starta opp kor-/musikkgruppe på begge omsorgsentra. Eit viktig tilbod som kommunen ønskjer å utvikle vidare.

Tiltak:

- Sikre at alle innbyggjarane har tilbod om deltaking i kulturaktivitetar i sitt nærmiljø
- God marknadsføring/informasjon om tilbod
- Vidareføre og utvikle Kultur natt på omsorgsentra
- Vidareføre og utvikle den kulturelle spaserstokken

5.11 Kultur, inkludering og deltaking

Inkludering handlar om å byggje ned barrierar som hindrar kulturbruk og skape like mulegheiter for alle individ og grupper. Formelle rettar og mulegheiter fører ikkje alltid til at folk oppsøker kulturtilbod eller opplever å ha reell tilgang til deltaking. Ein må difor i større grad enn tidlegare gå aktivt ut for å trekkje med seg nye deltakarar og nå personar som i dag står utanfor kulturlivet. Fleire må få reelt høve til å delta, å vere skapande og å prege større delar av kunst og kulturlivet. Terskelen for å delta og oppleve kunst og kultur skal vere låg, slik at alle som ønskjer kan ta del. Bygningar, tiltak og arrangement skal leggast til rette slik at alle menneske skal kunne bruke/nytte seg av dei på ein likestilt måte (universell utforming). I dag er mangfaldet i Norge meir synleg enn før, mellom anna på grunn av globalisering og innvandring. I 2012 hadde ca 12 pst. av innbyggjarane i Norge innvandrarsbakgrunn. Denne endringa i samansetning av befolkninga fører med seg perspektiv og ressursar som kjem i tillegg til det kulturelle mangfaldet.

Stryn er ein kommune med stor innvandring, spesielt arbeidsinnvandring. Deltaking i kulturaktivitetar er ein måte å høyre til i lokalsamfunnet på. Det er difor viktig at dei som kjem hit vert inkludert og deltakande i både arbeidsliv og fritidslivet i kommunen.

Stryn kommune er ei føregangskommune når det gjeld bruk av teater/drama for utviklingshemma. «Draumeteateret» er eit viktig kulturtilbod som bør stimulerast til vidare utvikling og satsing.

Tiltak:

- Legge til rette for meir mangfaldig kultur
- Informasjon om lokale kulturtilbod/aktivitetar til nye innflyttarar/innvandrarar
- Tilbod om nye film/kinotilbod (Bollywood filmar osv)
- Sikre barn og unge med nedsett funksjonsevne/særskilde behov i utforminga av tilbodet i den kulturelle skulesekken
- Stimulere til vidare satsing på teater/drama tilbod for utviklingshemma
- Teleslynge i lokale kulturbygg
- Samarbeid mellom bibliotek og frivillige lag og organisasjonar for å inkludere grupper som i mindre grad deltek i kultur- og organisasjonslivet
- Gode møteplassar i nærmiljøet for samhandling mellom enkeltpersonar, foreiningar/lag
- Vidareføre ordninga med følgjekort
- Tilpassa lydnivå på kino, konsertar